



ÅRSPLAN

TROLLBARNEHAGANE

TROLL-MYRA



2025-2026

Med hjerte for barna

Visjonen vår :
**Med hjerte for
barna**



Motto:
Ut på tur, aldri sur.
Vi tek vare på
kvarandre, dyr og
natur



Trollbarnehagane sitt styringsorgan

EIGAR



Ann-Kathrin Almestad Storøy
Tlf. 93 03 29 68

Inger-Kristin Håheim Vike
Tlf. 47 01 25 10

e-post: eigar@trollbarnehagane.no



STYRAR/DAGLEG LEIAR



Anett Mari Hodneland Tarberg
Tlf. 41 69 85 85

e-post: kontor@trollbarnehagane.no



FORELDREGRUPPA/STYRET

Troll-lia:

Troll-myra:



Gruppa består av representantar frå kvar avdeling. Dei har som oppgåve å fremje samarbeid mellom heim og barnehage. Dei bidreg også i sosiale arrangement ved behov, som t.d. sommarfesten.

Desse er i år:

- Dovregubben: Stine N. Solibakke
- Bukkane Bruse: Elisabeth Kvalsund
- Lurvelegg: Louise Kaldhol
- Tusseladden: Sara Y. Rødseth
- Krabbekroken: Maria Bendal
- Sjøstjerna: Karoline Endresen Voldsund
- Havhesten: Beate Lyshagen
- Flyndrefant: Rikke W. Hide
- Taretoppen: Yvonne Almestad

SAMARBEIDSUTVALET

Troll-lia:

Troll-myra:



I S.A.U sit to foreldrerepresentantar frå foreldregruppa i tillegg til eigar og to representantar frå personalet. S.A.U skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. S.A.U har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til foreldra. (T.d. årsplanen).

Desse er i år:

Troll-lia

- **Eigar**: Inger-Kristin H. Vike (Troll-lia)
- **Personalet**: Ingrid M.Gjerde, og Anett Mari Hodneland Tarberg (Troll-lia)
- **Foreldre**: Elisabeth Kvalsund (leiar) og Stine N. Solibakke

Troll-myra

- **Eigar**: Inger-Kristin H. Vike (Troll-myra).
- **Personalet**: Alexander Dypvik og Anett Mari Hodneland Tarberg (Troll-myra)
- **Foreldre**: Beate Lyshagen (leiar) og Maria Bendal



Kontaktinformasjon for Trollbarnehagane



Troll-lia barnehage
Torvikvegen 17
6095 Bølandet
Tlf: 70 08 73 61

- ♥ **Aneft Mari:** 41 69 85 85
- ♥ e-post: kontor@trollbarnehagane.no

- ♥ **Tusseladden mobil:** 95 30 27 71
- ♥ e-post: tusseladden@troll-lia.no

- ♥ **Bukkane Bruse mobil:** 95 30 15 03
- ♥ e-post: bukkanebruse@troll-lia.no

- ♥ **Dovregubben mobil:** 95 30 26 53
- ♥ e-post: dovregubben@troll-lia.no

- ♥ **Lurvelegg mobil:** 95 15 96 37
- ♥ e-post: lurvelegg@troll-lia.no

Troll-myra barnehage
Kvithaugsmyra 14
6092 Fosnavåg
Tlf: 70 08 77 52

- ♥ **Aneft Mari:** 41 69 85 85
- ♥ e-post: kontor@trollbarnehagane.no

- ♥ **Krabbekroken mobil:** 41 43 95 12
- ♥ e-post: krabbekroken@troll-myra.no

- ♥ **Sjøstjerna mobil:** 95 00 18 31
- ♥ e-post: sjostjerna@troll-myra.no

- ♥ **Havhesten mobil:** 95 19 14 70
- ♥ e-post: havhesten@troll-myra.no

- ♥ **Flyndrefant mobil:** 95 30 26 44
- ♥ e-post: flyndrefant@troll-myra.no

- ♥ **Taretoppen mobil:** 45 86 23 02
- ♥ e-post: taretoppen@troll-myra.no

Kidplan:

Som foreldre kan dykk laste ned **kidplan** appen. Her logger du deg på med link som du får tilsendt frå avdelinga di. Her legg avdelinga ut bilete, vekeplan, samtykke, skriv om dagen i dag og diverse info om barnet ditt, avdelinga og barnehagen. Bileta blir sletta før nytt barnehageår kvart år. Så husk å lagre dei bileta du vil ha gjennom året.

Facebook og Instagram:

Følg oss på: Trollbarnehagane

I tillegg til årsplanen har vi ein langtidsplan (4 års plan), den er meir utfyllande om vår visjon, verdier og haldningar. Både årsplan og langtidsplan tek utgangspunkt i den nasjonale rammeplanen for barnehagar, lokal rammeplan og gjeldande lovverk. Du finn den på heimesida.

Fleire tema og fagområde går som ein raud tråd gjennom heile året. Dei blir presentert under dei ulike månadane.

På vekeplanane og på kidplan står det kva slags tema og fagområde som vi har fokus på den månaden.

Du ser det også når du les dagen i dag på tavlepost.

Velkommen til nytt barnehageår <3



Naturbarnehagane våre

Troll-lia barnehage



Troll-myra barnehage





Om barnehagane

Trollbarnehagane er to private naturbarnehagar som ligg på Frøystad og Eggesbønes.

Vi er to barnehagar med kjekke avdelingar for barn i alderen 0-6 år. Barnehagane har eit godt samarbeid med kvarandre og vi kjenner godt til barn og vaksne på dei andre avdelingane. Vi er opptekne av at alle, små og store skal ha ein trygg, positiv og magisk barnehagekvardag!

Vi har fokus på tilknyting, det å skape gode relasjonar mellom barn-vaksne, barn-barn, personalet-foreldre som gir barna glede og trygge rammer i barnehagekvardagen deira. Det er viktig for oss at barna møter omsorg, humor, glede og vennskap i barnehagen! Vi er opptekne av at små og store skal ha ein positiv og kjekk barnehagekvardag saman med trygge og engasjerte vaksne.

Vi delar oss i mindre grupper kvar dag, dette for å få trygge og gode dagar for barna.

Vi brukar god tid på overgangen frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling. Vi er mykje på besøk med den avdelinga barnet skal starte på.

Vi går ofte på tur til alle dei kjekke områda i nærmiljøet vårt. Der får borna fysiske utfordringar av ulik grad. Turane er både korte og lange.

Vi har mange områder rundt oss som byr på fysiske og motoriske utfordringar som gir oss positive opplevingar. Vi er mykje ute og brukar naturen i det daglege. Vi samlar inn naturmateriale som vi finn og lagar ofte noko av det når vi kjem tilbake til barnehagen. Vi får også god opplæring i korleis vi skal oppføre oss i trafikken når vi går til turmåla våre. Der vi ofte må gå på trafikkert veg.

Vi har gjerne med ei spennande bok i sekken og brukar det vi finn i naturen for å dramatisere eventyr og andre spennande forteljingar på turane våre. Vi tek ofte med oss mat og et lunsjen ute i naturen.

Trollbarnehagane serverar god og næringsrik mat kvar dag. Vi tilbyr 3 måltid i løpet av dagen: frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid. Til måltida serverar vi blant anna ulike type grovbakst, supper, ulike typar graut, middagar, frukt og grønsaker. Vi følgjer sesong, årstid og ulike temaer i barnehagen. Barna får vere med på forbrede dei ulike måltida. Vi har fokus på å redusere ultraprosessert mat og tilby sunne og næringsrike måltid. Alle måltid skal ha ei koseleg og innbydande ramme. Barna skal lære å kjenne på, smake på- sanse og undre seg rundt måltidet. Personalet skal by opp til kvardagssamtalen- undre/smaken saman med barna.

Målet vårt er at alle skal få gode vennar, så vi legg vekt på tid og rom til å leike med kvarandre og bearbeide inntrykka ilag! Barna får delta og lære å ta vare på dyra våre: kaninar, høner og akvariumsfiskar. Vi har også andre kjekke aktivitetar, som til dømes musikk og rytme, drama- og formingsaktivitetar, IKT, der barna har iPad til rådighet til dømes spel, skiving og bilete.





Årsoversikt



August	4. aug: Nytt barnehageår 14. aug: Planleggingsdag	Velkommen<3 Barnehagen er stengt!
September	Veke 36: Frilufttsveke Veke 38: Brannvernveke	Uteliv
Oktober	10. okt: Verdensdagen for psykisk helse Veke 43: Vennskapsveke 24 okt: FN-dagen	Sosialt samvær for foreldre
November	31. nov: Trollfest 07. nov: Levering av feriekontrakt jul 09. nov: Farsdag 14.nov: Planleggingsdag	Vi kler oss ut Markering Barnehagen er stengt!
Desember	09. des: Nissefest 12. des: Luciafeiring 17. des: Julefest storbarn 18. des: Juleverkstad småbarn 24., 25., 26., og 31. des:	Vi kler oss ut som nisser Luciafeiring Kosestund ute<3 Kosestund inne <3 Barnehagen er stengt!
Januar	01. jan: 1. nyttårsdag 02. jan: Planleggingsdag 15. jan: Nyttårsball	Barnehagen er stengt! Barnehagen er stengt! Vi pyntar oss og kosar oss ilag
Februar	06. feb: Samefolkets dag 08. feb: Morsdag 14. feb: Gled ein ven 15. feb: Fastelavn 21. feb: Kongens bursdag 27. feb: Karneval	Markering Markering Coffee to go <3 Markering Vi kler oss ut
Mars	.10 mars: Barnehagedagen . mars: Planleggingsdag 21. mars: Rockesokk 26. mars: Påskefrukost	Felleskap og inkludering Barnehagen er stengt Mangfald- ulike sokkar Foreldre vert invitert på frukost
April	02, 03, 06 april: Påkestengt 10. april: Levere feriekontrakt 21. april: Russedåp	Barnehagen er stengt! Russetida startar
Mai	01.mai: Offentleg høgtidsdag 12. mai: Ruskendag 13 mai: Mini 17 mai i bhg. 14. mai: Kristi himmelfartsdag 15. mai: Planleggingsdag 17.mai: Grunnlovsdagen 25. mai: 2 Pinsedag 29 mai: Fotballtrøye-fredag	Barnehagen er stengt! Vi ryddar til 17. mai Feirar 17. mai i barnehagen Barnehagen er stengt! Barnehagen er stengt! Barnehagen er stengt! Barnehagen er stengt! Barnekreftforeninga
Juni	10. juni: Sommarfest 23. juni: Jonsokfeiring	Kosestund på uteområdet<3 Vi markerar med jonsokbryllaup.
Juli	GOD SOMMAR!	

August

Tilvenning og overgongar:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhørigheit og tryggleik til å leike, utforske og lære. Overgongar skjer også innad i barnehagen. Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når dei byttar barnegruppe.


Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Nærmiljø og samfunn

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



"Æ e mæ":

(eige opplegg).
Meg sjølv og mi familie: Vi blir kjent med kvarandre på avdelinga. Med dette temaet ønsker vi at skal bevisstgjere oss sjølve og dei andre kven vi er. Kven er familien min? kvar bur vi? og korleis ser eg ut? Sette grenser for eigen kropp.

Sommar: Siste sommarmånaden, vi nyter sommaren og ser på sommarteikna i naturen.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
31					1.	2.	3.
32	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
	Velkommen til nytt barnehage-år 						
33	11.	12.	13.	14.	15.	16.	17.
				Planleggings dag, barnehagen er stengt			
34	18.	19.	20.	21.	22.	23.	24.
35	25.	26.	27.	28.	29.	30.	31.

September

Friluftslivetsveke:

Vi markerer friluftslivsveke i veke 36. Denne veka vil vi ha ekstra fokus på aktivitetar i naturen.

Brannvernveka:

Vi markerer brannvernveka i veke 38. Vi møter Bjørnis og/eller Eldar og Vanja som skal lære og fortelje oss litt om brannvern.



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Kropp, rørsle, mat og helse
Mengd, rom og form

"Være sammen":

(eige opplegg) dette er noko vi jobbar med gjennom heile året.

«Være saman» har eit særleg fokus på den varme og grensesettande/ autoritative vaksne.


«Løvelova» gir ei tydeleg og forpliktande ramme for korleis barn og vaksne skal ha det saman.

"Sjølvkjensla til barnet skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekke sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov". (Rammeplan, s.23)

Haust:

Vi ser etter dei fyrste haustteikna og undrar oss over det magiske som skjer i naturen.

Vi haustar inn det vi har sådd (Frå jord til bord).



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
36	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
Friluftslivetsveke							
37	8.	9.	10.	11.	12.	13.	14.
38	15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
Brannvernveke							
39	22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
40	29.	30.					

Oktober



Livsmestring og helse:

Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi, og forebygge krenkelsar og mobbing. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine følelsar. Barna skal ha mogelegheit til ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.

Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og fremme barnas bevegelses glede og motoriske utvikling. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. (jamfør rammeplan)

Dette vil vere fokus heile året.

Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Nærmiljø og samfunn

Vennskapsveke:

Vi jobbar heile året med vennskap, men denne veka har vi ekstra fokus. Vi vil bevisstgjere barna på kva det vil seie å vere ein god venn. Kva gjer ein god venn? Kva gjer det med oss, når vi har ein god venn? (Livsmestring og helse). «livetogsånn»

Trafikkopplæring:

Vi brukar trafikkmateriellet om Tarkus (handdukka), barnas trafikkvenn utvikla av Trygg trafikk. Tarkus hjelper oss til å huske på at barn har eit heilt anna perspektiv og synsfelt. På turane våre brukar barna sansane sine – sjå og høyre, i tillegg til å gjere, oppleve og erfare.

Eg er Tarkus



Veke 41:

Hautferie for skulen -
Gi oss beskjed om ditt
barn skal ta fri

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
40			1.	2.	3.	4.	5.
41	6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
					Verdensdagen for psykisk helse Sosialt samvær kl-15-16.30 		
42	13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
43	20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
Venns kaps- veke					FN-dagen 		
44	27.	28.	29.	30.	31.		
					Trollfest 		

November

Farsdag:

Barna får lage ei merksemd til far eller ein annan nær omsorgsperson. Barna får oppleving av å vere kreative samtidig som dei får skape ei kunstnerisk gåve.



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Kunst, kultur og kreativitet

Regnbueløva



ASK:

Alternativ supplerande kommunikasjon er å kommunisere ansikt til ansikt på andre måtar enn med tale.

ASK kan være

- Ei erstatning for tale
- Ei støtte til å utvikle tale
- Eit supplement til låg eller utydeleg tale

Ask er barnet sitt språk, og ein måte å uttrykke seg på.

Det er ulike årsaker til at barn har behov for ASK. Det kjem an på kva kommunikative, språklege, motoriske og kognitive ferdigheiter dei har. (Udir.no)

Kan du løveloven?

Jeg skal være meg.

Men gi plass til andre, slik at de blir seg.

Bry meg om en annen, hjelpe når jeg kan.

Slik blir livet bedre, for barn i alle land.

Ser du en som plages, det er ikke bra.

Alle må stå sammen, om å si ifra.

Alle barn på jorden.

Har den samme rett- til å være trygge og
til å være sett.

07. november
Husk å levere inn
jul/påske
ferieskjema

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44						1.	2.
45	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.
					Levering av jul/påske ferieskjema		Farsdag 
46	10.	11.	12.	13.	14.	15.	16.
					Planleggings- dag, barnehagen er stengt		
47	17.	18.	19.	20.	21.	22.	23.
48	24.	25.	26.	27.	28.	29.	30.
							1. søndag i advent 



Desember



Tradisjonar:

vi skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier, og høgtider i ulike religionar og livssyn.



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Etikk, religion og filosofi

ADVENTSVERS

«ADVENT» av: Inger Hagerup

- Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede
Det står og skinner for seg selv og oss som er tilstede
Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede
- Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede
De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede
Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede
- Så tenner vi tre lys i kveld, for lengsel, håp og glede
De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede
Så tenner vi tre lys i kveld for lengsel, håp og glede
- Vi tenner fire lys i kveld og lar dem brenne ned
For lengsel, glede, håp og fred, men mest allikevel for fred
på denne lille jord, hvor menneskene bor



Vinter:

Vi ser etter dei fyrste vinterteikna. Og vi undra oss over det magiske som skjer i naturen. Om vinteren er det moglegheit for å utforske naturfaglege fenomen. Kanskje kjem snøen?



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
49	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
							2. søndag i advent
50	8.	9.	10.	11.	12.	13.	14.
		Nissefest 			Lucia 		3. søndag i advent
51	15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
			Julefest storbarn kl: 15:00-16:30	Juleverkstad småbarn kl: 15.00-16.30			4. søndag i advent
52	22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
			Julaften Bhg er stengt	1. juledag Bhg er stengt	2. juledag Bhg er stengt		
1	29.	30.	31.				
			Nyttårsafta 				



Januar



Det var ein gong



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst
Kropp ,rørsle mat og helse

Eventyr, rim og regler:

Er med på å stimulere til språkutvikling.
Gjennom heile året har vi fokus på fellesskap,
leik, språk, kropp, rørsle, mangfald
av uttrykksformer, glede og humor.

Snøkrystaller


Snø som faller

Snø på klærne

Snø på trærne

Snø på bakken

Au! Snøball i nakken




*En gul knapp,
virre virre vapp,
du slapp*


Livsmestring og helse:

Spa og velvære, bli glad i eigen
kropp og respektere grenser for
meg sjølv og andre.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1				1.	2.	3.	4.
				1.Nyttårsdag Bhg. stengt	Planleggings -dag Bhg. stengt		
2	6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
3	13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
			Nyttårsball				
4	20.	21.	22	23.	24.	25	26.
5	27.	28.	29.	30.	31.		



Februar



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst,
natur, miljø og teknologi



Morsdag:

Barna får lage ei merksemd til mor eller ein annan nær omsorgsperson. Barna får oppleving av å være kreative samtidig som dei får skape ei kunstnerisk gåve.



Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagens arbeid med kommunikasjon, språk og tekst er viktig for barns sosiale liv, kulturell tilhørighet og for barns språkutvikling. Det skal leggest til rette for utvikling av språkforståelsen, språkkompetansen og forskjellig kommunikasjonsform (ASK).

Personalet skal

- ♥ Skape eit variert og godt språkmiljø.
- ♥ La barn få utrykke følelsar, tankar og meningar på ulike måtar.
- ♥ Utvikle begrepsforståing og utvikle ordforrådet.
- ♥ La barna få møte ulike språk og kommunikasjonsformer; (ASK alternativt supplerande kommunikasjon) som bilde, teikn, form, konkretar osv.
- ♥ Bruke bøker, forteljing og dramatisering med bruk av konkretar, snakkepakken og gjenforteljing av/for barna.
- ♥ Vere den gode og lyttande vaksne som tek vare på augeblikk, og den viktige kvardagssamtalen, inne og ute.
- ♥ **Mål:** barn skal få lære forskjellige måtar å utrykke seg på gjennom ulike kommunikasjonsformer som t.d; språk, tegn, tekst og bilde. (ASK)



Vinterferie for skulen i
veke 8. Gi oss beskjed om
ditt barn tek fri.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5							1.
6	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
					Samefolkets dag 		Morsdag
7	9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
							Fastelavn
8	16.	17.	18.	19.	20.	21.	22.
						Kongens bursdag 	
9	23.	24.	25.	26.	27.	28.	
					Karneval		



Mars



Vår

Om våren eksploderer fargane i naturen. Vi ser etter dei første vårteikna og undrer oss over det magiske som skjer i naturen. Trekkfuglane kjem tilbake og vi lærer om dei ulike fugleartane.



"La leiken leve"

Verdens down syndrom dag 21/3

"Rockesokk": Denne dagen tek vi på oss ulike sokkar for å vise at vi set pris på mangfaldet i samfunnet vårt. Dette er ein fin måte å vise at vi er forskjellige, fokusere på respekt og likeverd. Vi ynskjer eit varmare og meir inkluderande samfunn og markere mangfaldet.

Fagområde:

kommunikasjon, språk og tekst
Kunst, kultur og kreativitet
Etikk, religion og filosofi



LØFT (Løsningsfokuset tilnærming):

"Barn har ikkje problem – dei har berre ferdigheiter dei ikkje har lært seg enda". Løft inneber at vi gir barnet meir merksemd når det faktisk lykkast med noko og støttar dei aktivt når dei gjer framskritt. Ved å støtte og veilede ønsker vi å gi barnet sjansen til å utvikle den beste utgåva av seg sjølv.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9							1.
10	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.
11	9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
		Barnehage- dagen: Fellesskap og inkludering					
12	16.	17.	18.	19.	20.	21.	22.
						Rockesokk Verdens downs syndrom dag	
13	23.	24.	25.	26.	27.		29.
				Påskefrukost			
14	30.	31.					



April



Den Magiske naturen:

Vi vil jobbe for å gi barnet ditt mange gode og positive opplevingar i fjell, skog og fjøre. Vi skal gje barna turglede, mestringsfølelse og rom for undring i naturen vår. Vi vaksne er nysgjerrige saman med barna og viser glede og undring ilag med dei. Vi kan gå på «skattejakt» i naturen og finne naturmateriale som små barnehender kan lage mykje spennande kunst av. Naturen er ein leikeplass der barna får bruke fantasien, der ein kjepp kan verte ein slange og steinar kan bli til troll. Vi lager mat etter årstidene av det vi hauster i naturen som bær, frukt og andre grønsaker.

Fagområde

Kommunikasjon, språk og tekst
Natur, miljø og teknologi
Mengd, rom og form



Påske

Vi skal gi barna kjennskap til og markere merkedager, høgtider og tradisjoner i den kristne kulturarven og andre religioner og livssyn som er representert i barnehagen" (rammeplan for barnehagen s.55)
Vi vil lage påskepynt, lese bøker og synge songar knytta opp mot høgtida.

Motto:
Ut på tur, aldri sur.
Vi tek vare på kvarandre, dyr og natur.

10. april:
Husk å levere inn
sommarferieskjema



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
14			1.	2.	3.	4.	5.
			Påkestengt 	Skjærtors- dag Bhg stengt	Langfredag Bhg. stengt 		
15	6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
	2. Påskedag				Leverer feriekontrakt		
16	13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
17	20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
		Russedåp 					
18	27.	28.	29.	30.			



Mai



Overgong frå småbarns- til storbarnsavdeling:

For at barna skal få ein mjuk overgong til ny avdeling får dei kome på besøk ilag med ein vaksen til den avdelinga dei skal starte på. Dei får då bli kjent med den nye avdelinga og dei barna som går der frå før. Som avslutning på småbarnsperioda får dei sjølv flytte si korg til den nye plassen i garderoba på storavdeling.

Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst.
Natur, miljø og teknikk

Overgong barnehage- skule:

Denne skal vi gjere så trygg som mogleg for barna. Vi har eigne overgongsrutiner i kommuna. (Sjå langtidsplan). Vi har eigne overleveringsmøter med skulen, i nært samarbeid med heimen.

Ruskendag og mini 17- mai:

Vi lærer barna å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Vi ryddar og pyntar til 17 mai. Vi har på hanskar og plukkar boss rundt omkring i nærmiljøet vårt (ruskendag) Vi gir barna kunnskap om grunnlovsdagen og fargane til det norske flagget. Vi går i tog og trenar oss til 17 -mai (mini- 17 mai)

Heia,heia sol og
sommar, her er det
Trollbarnehagane som
kommer.
HURRA HURRA HURRA!!



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
18					1. Offentleg høgtidsdag Bhg. stengt	2.	3.
19	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
20	11.	12. Ruskendag	13. Mini 17.mai 	14. Kristi himmelfarts- dag Bhg. stengt	15. Planleggings dag Bhg. stengt	16.	17. Grunnlovs- dagen 
21	18.	19.	20.	21.	22.	23.	24.
22	25. 2. Pinsedag Bhg. stengt	26.	27.	28.	29. Fotballtrøye- fredag	30.	31.

Juni



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst,
nærmiljø og samfunn

"Språkløype":

Er egne opplegg frå Udir som skal gi betre kunnskap om korleis vi kan utvikle rutinar og system som ivareteke barns språk, lese og skriveutvikling. Dette er utvikla både for barn med norsk som morsmål og for fleispråklege barn.



Mangfald og gjensidig respekt:

Barnehagen skal synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Alle barn skal føle at dei blir sett og anerkjende for den dei er. Det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Vi skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar.

Sommar:

Vi ser etter dei første sommarteikna og undrar oss over det magiske som skjer i naturen. Sommartid er utetid, leik og moro.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
23	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
24	8.	9.	10.	11.	12.	13.	14.
25	15.	16.	17.	18.	19.	20.	21.
26	22.	23.	24.	25.	26.	27.	28.
27	29.	30.					



Juli



Leik og læring

Leik er den viktigaste aktiviteten for barn, og barn leiker fordi det er gøy. Vi prioriterer derfor mykje tid til leik i barnehagen. Omsorg, leik og læring må sjåast i samanheng med kvarandre. Barn lærer når dei leikar og leikar når dei lærer. Og det er like mykje god læring i omsorg, som det er mykje omsorg i god læring. Leiken kjenneteiknast av glede og kreativitet. Fantasien får fritt spelerom, og barna kan skape sin eigen verden. Leiken gir også moglegheit for å vere nokon andre enn seg sjølv, eller lære meir om å vere akkurat som ein er. Gjennom leik oppstår vennskap. Leik og samspel med andre er grunnlaget for læring og sosiale ferdigheiter vert danna. I leiken erfarer barn noko av det viktigaste i livet, nemleg det å være saman med andre menneske. (Sosial kompetanse).



Fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst,
kropp rørsle mat og helse



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
27			1.	2.	3.	4.	5.
							
28	6.	7.	8.	9.	10.	11.	12.
29	13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
30	20.	21.	22.	23.	24.	25.	26.
31.	27.	28.	29.	30.	31.		

